

Utlysning av konkurranse

- kommunevåpen og ordførarkjede til Fjord kommune



Det vert lyst ut open konkurranse for kommunevåpen og ordførarkjede til Fjord kommune.

Vi håpar på stort engasjement der alle som har gode idear vil sende inn eit forslag til kommunevåpen eller kome med forslag til symbol som skal pryde ordførarkjede. Intensjonsavtalen signert av Norddal og Stordal kommune skriv dette slik:

«Det skal startast eit arbeid med å etablere nytt kommunevåpen og nytt ordførarkjede. I konstruksjonen av nytt ordførarkjede er det eit ønske om at tidlegare kommunevåpen er ein del av utsmykkinga. Denne prosessen kan også vere gjenstand for konkurranse»

Frist for innsending av forslag er fredag 1. mars 2019.

Fellesnemnda oppfordrar spesielt skular og barnehagar i den nye kommunen til å engasjere seg. Samskaping er viktig for Fjord kommune, og vi legg vekt på at aktørane skal føle eigarskap til det som vert utvikla.

Når du deltek i konkurransen, godkjenner du ved levering at din idé til kommunevåpen eller symbol til ordførarkjede vert nytta i den vidare prosessen til fellesnemnda.

Slik deltek du:

Teikn eit våpenskjold så stort som råd innanfor eit A4-ark. Fyll ut våpenskjoldet med motivet du meiner bør symbolisere Fjord kommune. Forslaget kan vere ei skisse. Grunngi kort kva tanken bak er. Bilete eller motiv til ordførarkjede kan leverast etter same mal. Teikninga skal ikkje innehalde tekst. Skriv kommentarar på eige ark.

Nokre råd:

Kommunevåpenet er eit offisielt merke som skal vere varig, og bør derfor vere formelt og uavhengig av trendar i dag. Enkelt, reint og gjenkjenneleg med reine klare fargar utan nyansar og sjatteringar.

Symbola i ordførarkjede kan spegle aktivitetar og historie frå kommunen.

På heimesida www.fjord.kommune.no finn du meire informasjon og eit oversiktsbilete av dei eksisterande ordførarkjeda, og forklaring til symbola. Du finn også mal for kommunevåpen som kan printast ut.

Kontaktpersonar:

Gudmund Relling,
prosessleiar kommunevåpen
gudm-re@online.no
Tlf. 941 58 016

Hilde Dyrkorn,
prosjektleiar for Fjord kommune
hilde.dyrkorn@norddal.kommune.no
Tlf. 70 25 88 62/952 56 201

QUIZ

på Fjellro frå kl 21.30
fredag 18. januar.

Quizvertar:
Torgeir og Knut
Velkomne!

Fjellro
Turisthotell AS
6210 Valldal Tlf. 70 25 75 13/90 14 89 97 – post@fjellro.no

Årsmøte / pensjonistmøte i Eidsdal og Norddal pensjonistlag

Onsdag 30. januar
(merk dagen!)
kl 16.00 i kjellarstova
på omsorgsbustaden i
Eidsdal.

Velkommen!

Ved til salgs

Kjøp ved av våre
medlemmer i ditt
nærområde.
Kvalitetsved leveres
over hele landet.

Vedportalen:
www.norskved.no

norsk ved
Forum for vedprodusenter

BASAR

FJELLROSA BARNEFORENING

held basar på Eide Bedehus laurdag 19.januar kl.15.00.

Det vert loddsal og tombola med kjempefine
gevinstar som borna i foreininga har laga sjølve.

Andakt v/Erika Solli frå NMSU.

Ho har med seg Jessica frå Brasil.

Sal av mat, kaffi, saft og brus.

Du er hjarteleg velkomen til vår koselege basar!

Arr.: Fjellrosa Barneforening v/Lisen,
Mårta og Margaret

Fjørå og Valldal Pensjonistlag

Ope møte torsdag 24. jan. kl. 18. på Martin Linge-huset.

Magne Alstadsæter viser film.
Kaffimat og åresal. Ta med gevinst.

Velkomen til januar møte!

Årsmøte torsdag 21. feb. kl.18. Vanlege årsmøtesaker.



Årsmøte i Norddal husflidslag
mandag 11. februar kl. 19.00
på Husflidshjørnet i Valldal.

Vi oppmodar alle medlemmer
til å møte opp.
Enkel servering.

Velkommen!

Styret

BRUKT'N PÅ SJØHOLT

SALG 20 - 70 % på ei mengde varer!

Juleting 70% - Møblar, lamper, bilete 50%
Pynte- og nytteting 20%. Salget varer ut januar.

Ope mandag 18-21, onsdag 10-15, laurdag 11-15

KYRKJETORGET • Tlf. 951 84 705

Teikn eit abonnement på Storfjordnytt

Send oss ein epost: post@storfjordnytt.no
eller ring: tlf. 70 25 78 50.

Heilårsabonnement: kr 1020,- Halvår / student / vernepliktig: kr 530,-



Nyttårskonsert

Valldal Hornmusikklag
ønskjer velkomen til konsert
på Martin Linge-huset
søndag 20. januar kl 17.00

**Jårångskoret og
Kjartan Lied**
er mellom gjestane som
deltok på konserten

Billettar: Vaksne kr 200,-
Barn kr 50,-

SPAREBANKEN MØRE

Lag og organisasjonar
har gode rabattar
på annonsering
i Storfjordnytt!